

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

MØTEBOK

Organ	Hovudutval for opplæring
Møtestad	Eid vidaregåande skule, Nordfjordeid
Møtedato	16.06.2004
Kl.	09:30 – 17:00

Faste medlemer til stades:

Knut M. Olsen (SP)
Jarle Skartun (SP)
Laila Melkevoll (SP)
Edith Aarebrot Madsen (H)
Siv Langøen Rotevatn (V)
Arne Hovland (AP)
Gunnvor A. Sunde (AP)
Signe-Andrea Henden (SV)

Forfall til møtet:

Svein Ottar Sandal (KrF)

Varamedlemer til stades:

Ruth Berit Garfors (KrF)

Til stades med tale-/framleggsrett: Fylkesdirektør Hans Peder Vibe

Fylkeshovudtillitsvald Utdanningsforbundet
Sogn og Fjordane, Egil Johnsen

Andre til stades:

Rådgievar Knut Vinsrygg
Fagkoordinator Siri M. Nedland
Fylkesdirektør Bjørn Birger Bremer
Bygge- og eigedomssjef Torolf Norheim
Folkehelsekoordinator Emma Bjørnsen
Rektor Johs Thaulé

Sekretariat for møtet:

Konsulent Gerd Haugen

Signe-Andrea Henden og Edith Aarebrot Madsen fekk permisjon frå møtet frå kl. 15:30.

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 26.05.04 vart godkjend utan merknader.

Munnlege orienteringar:

- OPPLÆRINGSTILBODET VED ÅRDAL VIDAREGÅANDE SKULE
v/fylkesdirektør Hans Peder Vibe

Om det ev. blir sett i gang 2 klassar på grunnkurs i Allmenne/økonomiske og administrative fag ved Årdal vidaregåande skule, vil det ikkje få konsekvensar for dei andre klassane som er vedtekne for skulen i opplæringstilbodet for skuleåret 2004/2005. Det vil imidlertid føre til lågare oppfylling i klassen på grunnkurs i Kjemi- og prosessfag.

Merknad:

Dersom finansieringa kjem på plass for å setje i gang ytterlegare 1 klasse på grunnkurs i Allmenne/økonomiske og administrative fag ved Årdal vidaregåande skule, blir det avvikla eit ekstraordinært møte i utvalet 1. juli for å fatte vedtak om dette.

- FOSSHAUGANE CAMPUS
v/ fylkesdirektør Bjørn Birger Bremer/bygge- og eigedomssjef Torolf Norheim

Det vart orientert om status for utviklinga av Fosshaugane Campus, fylkeskommunen sin medverknad og konsekvensane for Sogndal vidaregåande skule ved å gå inn i tribunebyggprosjektet.

- STUDIETILBODET VED HØGSKULEN I SOGN OG FJORDANE OG
OPPLÆRINGSTILBODET VED DEI VIDAREGÅANDE SKULANE
v/ rektor Johs Thaule

Det vart orientert om utvikling og ny struktur for Høgskulen i Sogn og Fjordane. Utvikling skal skje gjennom omstilling og konsentrasjon som vil føre til endringar i høgskulen sine studietilbod. Det vart teke opp kva som kan bli framtida for ingeniørutdanninga i Førde og akvakulturutdanninga.

Følgjande skriv vert lagde fram til drøfting:

1/6-04 RUSFØREBYGGING I SOGN OG FJORDANE

Notat dagsett 08.06.04 frå fylkesdirektøren for opplæring

Folkehelsekonsulent Emma Bjørnsen orienterte om folkehelsearbeidet i Sogn og Fjordane og arbeidet med rusførebygging. Sentralt her blir samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen og andre for å få til målretta tiltak på dette viktige området.

Merknad:

I det vidare arbeidet med Strategisk handlingsprogram bør rusførebygging og folkehelsearbeidet takast inn der dette naturleg høyrer til. Utvalet ber om tilbakemelding på dette i løpet av neste skuleår.

2/6-04 FELLES INNSPARINGSKRAV 2006-07

Notat - nr. 2 frå fylkesrådmannen til hovudutvala og fylkesutvalet dagsett 10.06.04.

Ingen merknad

SAK 0018/04

**HANDLINGSPLAN FOR INTERNASJONALISERING I VIDAREGÅANDE
OPPLÆRING I SOGN OG FJORDANE**

VEDTAK:

Handlingsplan for internasjonalisering i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane vert vedteken.

Tiltaksdelen i planen skal innarbeidast i Strategisk handlingsprogram for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2004-07, også når det gjeld prioritering og finansiering av tiltaka.

- - - - -

Eid vidaregåande skule sin presentasjon:

Det var orientering frå elevar, administrasjonen og arbeidstakarorganisasjonar ved Eid vidaregåande skule med omvisning.

Eid Ungdomsråd v/Joakim Myklebust var til stades og hadde ein appell om samlokalisering av Eid vidaregåande skule.

Senterleiar Ove Bjørlo orienterte om Kompetansereforma og Ny kunnskap og utfordringane framover. Avdelingsdirektør i VOX, Eivind Pettersen, orienterte om VOX som er ein statleg institusjon som skal vidareføre tankane og intensjonane i kompetansereforma. Han kom òg inn på VOX si rolle i høve eit samarbeidsprosjekt, NYKO, som gjeld vaksne si læring.